



Kvam herad

# TILSTANDSRAPPORT BARNEHAGE



Barnehageåret 2022/2023

## Innhald

Bakgrunn .....	4
Barnehagar i Kvam .....	4
Pedagogisk grunnsyn og syn på born .....	4
Kommuneplan for Kvam – Samfunnsdel og Oppvektsplan .....	5
Medarbeidarundersøking .....	6
Brukarmedverknad .....	6
Foreldreundersøking .....	6
Informasjonsflyt .....	10
Internkontroll .....	11
Nasjonale føringar .....	12
Organisasjonsutvikling og kompetanseheving .....	13
Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/vidareutdanning .....	13
Regional ordning for kompetanseutvikling Rekom .....	13
Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) .....	14
Styrking av leiarrolla .....	14
Felles planar .....	15
PPT sitt utviklingsarbeid i barnehagane 2021-2023: «Sjå barnet innanfrå» (SBI) .....	17
KLP prosjekt – «Bli i jobben» .....	17
Fleirspråklege born .....	19
Støtte til barnehage .....	20
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) .....	20
Tidleg innsats .....	20
Lågterskeltilbod .....	21
PPT sitt utviklingsarbeid i barnehagane 2021-2023: «Sjå barnet innanfrå» (SBI) .....	21
Individuelle rettar .....	22
Foreldrekurs og foreldremøte .....	22
Lokale politisk vedtekne tiltak .....	23
Løpande opptak .....	23
Oppgradering av Bjørketeigen barnehage .....	23

Auka grunnbemanning.....	23
Måltid.....	24
Lærlingar i oppvekst.....	24
Særlege utfordringar i barnehagesektoren.....	24
Fråvær og bemanning .....	24
Vikarbudsjet.....	25
Statlege føringar .....	25
Utteljing for utdanning.....	25
Rekruttering av kvalifisert personale .....	25
Emosjonelle belastningar i kvardagen .....	26
Digitalt utstyr .....	26
Leikeapparat på uteområda i barnehagane.....	27
Brøyting og strøing i barnehagane.....	27
Løpande opptak .....	27
Kompetansepakkar .....	28
Kostratal 2022.....	28
Oversikt over barnehagane i Kvam herad.....	30
Ålvik barnehage .....	30
Bjørketeigen barnehage.....	31
Sjydnahaugen barnehage.....	33
Norheimsund barnehage .....	34
Tørvikbygd barnehage .....	36
Strandebarm barnehage .....	38
Sandven FUS barnehage .....	39
Oppsummering .....	41

## Bakgrunn

Tilstandsrapport i barnehage er ikkje lovpålagt, men barnehageeigar meiner det er viktig at politikarane får ein årleg rapport om tilstanden i barnehagesektoren. På den måten kan politikarane sjå heilskapen for born i heradet i alderen 0-16 år. Rapporten er ikkje uttømande, men gjev eit innblikk i dei kommunale barnehagane, kostratal og kommunebarometer 2022, og informasjon frå barnehageleiinga/styrargruppa.

## Barnehagar i Kvam

Det er seks kommunale og ein privat barnehage i kommunen. Alle barnehagane har eigen styrar. Den private barnehagen, Sandven Fus, får kommunalt driftstilskot. Det er godt samarbeid med den private barnehagen, og dagleg leiar i Sandven Fus får tilbod om deltaking på styremøte og kurs/arrangement som vert arrangert i regi av kommunen.

Dei kommunale barnehagane arbeider mot å skapa ein felles identitet i Kvammabarnehagane og har mottoet "slik gjer me det i Kvam". Barnehagane har bl.a. felles visjon, hovudmål, barnesyn, satsingsområde og årsplan. Ein jobbar for at alle born i Kvam skal få like godt barnehagetilbod, same kva barnehage dei går i. Barnehageeigar er oppteken av kvalitet og kompetente tilsette. Visjonen, hovudmålet og satsingsområde til barnehagane heng saman med mål og beskyttande faktorar i Oppvekstplanen.

**Visjon:** Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde for Kvammabarnehagen:** Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og «Sjå barnet innanfrå».

Barnehagane har gode bygg og leikeplassar, alle vart godkjende etter forskrift for miljøretta helsevern (MHVB) våren 2018. Barnehagane rapporterer årleg i Basil. Per 1. desember 2022 (kjelde Basil) var det totalt 350 born i dei kommunale barnehagane og 89 born i Sandven Fus.

Leiar for barnehage er barnehageeigar og har ansvar for leiing av dei kommunale barnehagane og at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Barnehagemyndede er lagt under oppvekstsjef. Det er tilsett to personar i 30% stilling kvar som barnehagefagleg rådgjevar med ansvar for mynde oppgåver. Barnehagemyndede har ansvar for godkjenning, tilsyn, ivaretaking og rapportering av alle statlege føringar både for kommunale og private barnehagar.

## Pedagogisk grunnsyn og syn på born

Barnehagane våre skal inkludera alle born med fokus på livsglede, leik og læring for alle jmf Rammeplan for barnehage. Personale i barnehagane våre skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet og mellom borna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Målet vårt er at barnehagane har eit bevisst og

reflektert personale som ser borna innanfrå. Barnesynet vårt er at "barn er ikkje vanskeleg, men kan ha det vanskeleg." Me jobbar kontinuerleg med korleis me møter borna våre, uansett kva kulturell bakgrunn, språk, utfordringar, evner, interesser og bagasje dei evt. har. Det skal vera plass til mangfald i barnehagane våre.

### Kommuneplan for Kvam – Samfunnsdel og Oppvekstsplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styrande plan for all verksemd i kommunen, og det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen.

Det skjer mykje utviklingsarbeid innan oppvekstområdet, og kommunedelplanen for oppvekst er ein overordna plan som skal visa den samla innsatsen og gje retning for satsinga vidare. Oppvekstplanen byggjer på eit heilskapleg blikk på kva som skaper gode oppvekstvilkår og legg til grunn at ein trygg og god oppvekst vert skapt i fellesskap på tvers av sektorar. Barnehage har prioritert å retta merksemd mot nokre beskyttande faktorar frå Oppvekstplanen på bakgrunn av arbeidet som har vorte lagt ned det siste året med Betre tverrfagleg innsats (BTI), fokus på tidleg innsats og at barnehagesektoren er i endring. Barnehagane er med i arbeidet knytt til oppvekstreforma, og oppvekstplanen vil i åra framover gje god retning på arbeidet vidare.

Barnehage har valt ut tre beskyttande faktorar for vidare arbeid dei neste åra; Trygge vaksne, mangfald vert sett på som ein ressurs og høg kvalitet på opplæringa.

Visjonen til Kvam herad er å *"Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid"*, og reflekterer at me føler med i tida, at me er kreative og viser innovasjonsvilje. *«Dei samfunna som klarer å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særegne»* (Kommuneplan for Kvam herad 2015-2030, samfunnsdel s.12). Kommuneplanen skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad heile livet. Tenestetilbodet skal leggja til rette for at innbyggjarane på ein enkel måte kan gjera val som er tenlege for eiga helse. Det er i kommunen mykje av velferdstenestene blir skapt, og det er forventet vekst i behovet for kommunale tenester framover. Den aukande private kjøpekrafta vil påverka auka forventningar om kvalitet og omfang av det kommunale tenestetilbodet.

### Barnehage sine prioriteringar i økonomiplanperioden

Barnehage har prioritert å retta merksemd mot nokre beskyttande faktorar frå oppvekstplanen på bakgrunn av arbeidet som har vorte lagt ned det siste året med Betre tverrfagleg innsats (BTI), fokus på tidleg innsats og at barnehagesektoren er i endring. Barnehagane er med i arbeidet knytt til oppvekstreforma, og oppvekstplanen vil i åra framover gje god retning på arbeidet vidare.

Dei beskyttande faktorane som barnehage har valt for perioden er trygge vaksne, høg kvalitet på opplæringa og mangfald vert sett på som ein ressurs.

### Medarbeidarundersøking

Medarbeidarundersøkingar, 10 faktor, vert gjennomført annakvart år, sist i 2021. Barnehagane arbeider med valte tema fram til neste undersøking i 2023.

### Brukarmedverknad

Barnehagelova §4 Foreldreråd og Samarbeidsutvalet (SU) – For å sikra samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Alle barnehagar har valde foreldrerepresentantar som sit i SU. Her kan foreldra ta opp aktuelle tema. SU er eit viktig samarbeidsorgan for barnehageeigar og barnehagane der viktige saker skal leggjast fram og drøftast.

Barnehagelova §3 - Born har rett til medverknad og rett til å gje uttrykk for sitt syn på det som skjer i barnehagen.

### Foreldreundersøking

Barnehagane gjennomfører nasjonal foreldreundersøking anna kvart år, sist i 2022.

Foreldreundersøkinga vert gjennomført for å sikra kvalitet i arbeidet med oppfølginga.

Foreldre og personale har jamn dialog og samarbeider tett i det daglege om barnets beste.

Det var låg svarprosent dette året, 57,7%. Føresette sin totale tilfredsheit med barnehagane i Kvam er 4,5. Dei svarar at barna trivs i barnehagane våre (4,9), dei har venner (4,7) og barna er trygge på dei tilsette (4,8).

Det føresette svarar lågare på er barnehagen sitt uteareal (3,9), mattilbodet (3,9), bemanningstettleiken (3,6) og informasjon om endringar i personalgruppa (3,9).

### Ute- og innemiljø

Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med:	Svært fornøyd	Ganske fornøyd	Verken fornøyd eller misfornøyd	Ganske misfornøyd	Svært misfornøyd	Vet ikke	Snitt
barnehagens utearealer?	56	123	41	13	3	0	3.9
barnehagens lokaler?	64	128	39	-	0	-	4.1
barnehagens leker og utstyr?	55	118	50	-	-	5	4.0
hygienen i barnehagen?	84	124	18	7	0	3	4.2

barnehagens mattilbud?	66	104	44	16	-	-	3.9
hvordan barnehagen ivaretar barnas sikkerhet	134	86	12	-	0	-	4.5

### Relasjon mellom barn og voksen

Hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn:	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg opplever at barnet mitt føler seg trygget på personalet i barnehagen	190	38	3	3	-	-	4.8
Jeg opplever at de ansatte tar hensyn til mitt barns behov	182	44	5	-	0	-	4.7
Jeg opplever at de ansatte er engasjerte i mitt barn	179	42	9	3	-	-	4.7
Jeg opplever at bemanningstetthet -antallet barn per voksen – i barnehagen er tilfredsstillende	64	84	34	31	18	4	3.6

### Barnets trivsel

Hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn:	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg har inntrykk av at barnet mitt trives i barnehagen	208	24	-	-	0	0	4.9
Jeg har inntrykk av at mitt barn har venner i barnehagen	178	40	11	-	0	-	4.7
Jeg har inntrykk av at barnehagen legger til rette for allsidig lek og aktiviteter	192	37	4	-	0	-	4.8

## Informasjon

Hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn:	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg får god informasjon fra personalet om hvordan barnet mitt har det i barnehagen	131	69	15	16	4	0	4.3
Jeg får god informasjon om innholdet i barnehagedagen	154	54	11	12	4	0	4.5
Barnehagen er flinke til å informere om eventuelle endringer i personalgruppen	87	85	25	27	-	-	3.9

## Barnets utvikling

Hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn:	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg opplever å ha en god dialog med barnehagen om mitt barns utvikling	144	67	16	5	-	-	4.5
Jeg har inntrykk av at barnehagen bidrar til mitt barns sosiale utvikling (vennskap, empati, vise hensyn)	178	43	9	-	0	-	4.7
Jeg har inntrykk av at personalet i barnehagen oppmuntrer mitt barns nysgjerrighet og lyst til å lære	183	32	11	-	0	-	4.7
Jeg har inntrykk av at barnehagen tilrettelegger for mitt barns språkutvikling	177	30	11	-	-	14	4.7

## Medvirkning



Hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn:	Helt enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Helt uenig	Vet ikke	Snitt
Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å påvirke innholdet i barnehagedagen	99	67	31	-	-	31	4.3
Barnehagen tar hensyn til mine synspunkter	134	63	25	0	-	-	4.5
Barnehagen jobber for å sikre foreldrenes medvirkning	130	59	27	-	-	16	4.4
	Svært nyttig	Ganske nyttig	Verken nyttig eller unyttig	Litt nyttig	Ikke nyttig	Vet ikke	Snitt
Opplever du foreldremøte som nyttig?	77	104	24	18	3	8	4.0

### Henting og levering

Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med:	Svært fornøyd	Ganske fornøyd	Verken fornøyd eller misfornøyd	Ganske misfornøyd	Svært misfornøyd	Vet ikke	Snitt
hvordan personalet møter dere ved levering av barn?	147	72	14	-	-	0	4.5
hvordan personalet møter dere ved henting av barn?	116	85	28	-	-	0	4.3

### Tilvenning og skolestart

	Ja	Nei
Skal barnet ditt begynne på skolen til høsten?	-	-
	Ja	Nei
Har barnet ditt begynt i barnehage for første gang eller byttet avdeling/ base i løpet av det siste året?	126	110

	Svært fornøyd	Ganske fornøyd	Verken fornøyd eller misfornøyd	Ganske misfornøyd	Svært misfornøyd	Vet ikke	Snitt
Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan barnehagen forbereder barnet ditt til skolestart?	23	18	-	0	0	-	4.5
Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan barnet ditt ble ivaretatt i tilvenningsperioden?	77	36	11	0	-	-	4.5

#### Tilfredshet

	Svært fornøyd	Ganske fornøyd	Verken fornøyd eller misfornøyd	Ganske misfornøyd	Svært misfornøyd	Vet ikke	Snitt
Totalt sett, hvor fornøyd eller misfornøyd er du med din barnehage?	138	88	-	0	-	0	4.5

#### Informasjonsflyt

Informasjon og synleggjering av barnehagane som kvalitativt gode pedagogiske verksemder.

- Felles informasjon ligg på Kvam.no
- Alle barnehagar har ei heimeside som skal ivareta kontaktinformasjon om barnehagen til offentlegheita. Denne sida skal avviklast i løpet av 2023 og me skal ha informasjon om den enkelte barnehage på kvam.no.
- Dei kommunale barnehagane nyttar MyKid som kommunikasjonsløyising mellom heim/barnehage. MyKid gjev barnehagane smarte og enkle funksjonar for framføreregistrering, sovelister, fråvær, aktivitetar, påmelding, oppteljing av barn, ulike løyve, beskjedar knytt til det einskilde barnet, m.m.
- Kvam herad nyttar kommunen si Facebook side til å leggja ut linkar til ledige stillingar.

#### Internkontroll

Jmf kommuneloven § 25 skal kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen sin verksemd for å sikra at lover og forskrifter vert følgt. Rådmannen i kommunen og fylkeskommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Jmf

barnehageloven § 9 skal barnehagemynde og barnehageeigar ha internkontroll for å sikra at regelverket vert følgt. For å ivareta rettstryggleiken til barnehageeigar og sikra legitimiteten av arbeidet, er kommunen si eigarrolle i barnehagesektoren skilt frå mynderolla.

Kvam herad har fylgjande system for oppfølging.

- Kvalitetssystemet Compilo. Systemet inneheld avvikshandtering og dokumentbibliotek (rutinar, planar, skjema og liknande)
- 1310.no er eit internkontrollsystem som leiinga skal bruka for å imøtekoma krava i barnehagelova.
- Basil rapportering. Styrarane legg inn måltal frå sin barnehage. Desse vert nytta i kostra.
- Faste styrarmøte og fagmøte. Informasjonsutveksling, fagdrøftingar, vurdering/refleksjonar, systemarbeid, felles rutinar, erfaringsdeling og faglege oppdateringar.
- Tilstandsrapport. Barnehageeigar utarbeider tilstandsrapport for barnehagane i Kvam herad til heradsstyret kvar vår. Styrarane deltek i prosessen.
- Eigenvurdering frå barnehagen i samband med vurdering av regelverksetterleving.
- Mynde har i barnehagelova tre verkemiddel som kan bidra til at barnehageeigar etterlever lova: godkjenning, rettleiing og tilsyn.

### Tilsyn av barnehagane

Mynde fører tilsyn med dei kommunale og den private barnehagen for å sørge for at barnehagane føl regelverket. Mynde skal gje rettleiing og sikra at barnehagane vert driven i samsvar med gjeldande lovverk. Januar 2022 starta mynde med gjennomføring av tilsyn i alle barnehagane. På bakgrunn av innhenta opplysningar frå barnehagane si eigenvurdering vart barnehagemynde kjende med mogeleg risiko for regelverksbrot hjå barnehagane. Dette gav grunnlag for å føre stadleg tilsyn etter barnehagelova §53 første ledd. Tilsynet gjekk ut på å kontrollera om barnehagane føl regelverket i barnehagelova med forskrifter.

Tema for tilsynet var kap. 8 i barnehagelova, Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. I løpet av barnehageåret har alle barnehagane hatt tilsyn i nemnte tema. Ferdigstilling av tilsyna er planlagt våren 2023.

Tilsyna har vist at barnehagane er i utvikling og arbeider godt med tema. Det gjeld både kompetanseheving for dei tilsette og praktisering av rutinane i Kvam herad sin «Plan for å sikre trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane» med tilhøyrande skjema.

### Nasjonale føringar

Samfunnsmandatet til barnehagar er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til borna sitt beste. Barnehagen skal vera både ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for foreldre.

- Det er lovfesta rett til plass for alle born i Noreg over 1 år. Born som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett

til å få plass i barnehage frå august. Born som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett på plass innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jmf, barnehagelova §16.

- Pedagognorm frå 01.08.18. Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 born under 3 år, og ein pedagogisk leiar per 14 born over 3 år. Eit ekstra born utløyser krav om ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Born tel som 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år.
- Bemanningnorm frå 01.08.19. Norma stiller eit minimumskrav til grunnbemanning i ein ordinær barnehage: minst ein tilsett per 3 born når borna er under 3 år, og ein tilsett per 6 born når borna er over 3 år.
- Sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Det er ulik kvalitet mellom kommunar, mellom barnehagar i kommunar og mellom avdelingar i barnehagar. Denne “strekken” ser me i Kvam også. Staten har utvikla ein ny strategi for regional kompetanseutvikling Rekom, for å sikra meir lik kvalitet i alle barnehagar. Barnehagane i Kvam deltek på dette.
- Barnehagen som trygg og god læringsarena. Staten gjev føringar som må oppfyllest for at kommunen skal tilfredsstillast krava som gjeld for barnehagar i Noreg.
- Alle born skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Å gå i barnehage skal gje det einskilde born det barnet treng for å kjenna seg inkludert i eit fellesskap.
- 01.01.21 vart det innført endringar i barnehagelova. Endringane skal sikra at alle born har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som f.eks. utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripa inn dersom eit born i barnehagen vert utsett for slike hendingar. I samband med lovendringar vart det laga ein felles plan med mål om nulltoleranse mot mobbing. Planen med tilhøyrande skjema er blitt oppdatert dette barnehageåret.
- Tema frå Rammeplanen skal påverka barnehagane sine årsplanar og det daglege arbeidet.

Viktige mål i regjeringa sin barnehagestrategi fram mot 2030 er:

- Innan 2025 skal 50% av dei tilsette i barnehagen vera barnehagelærarar og innan 2030 skal det aukast til 60%.
- Fram mot 2030 skal andelen barnehagelærarar og styrarar med mastergradsutdanning auka. Kompetanse på mastergradsnivå vil styrka barnehagane sitt arbeid med leing og kvalitetsutvikling.
- Det skal bli fleire fagarbeidarar i barnehagen.
- For resten av dei tilsette skal det føreligge ein plan for korleis formell relevant kompetanse kan opparbeidast.
- Alle tilsette skal få moglegheit til å delta i etter- og vidareutdanning.
- Eit offentleg utval skal føreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule.

## Organisasjonsutvikling og kompetanseheving

Me ynskjer å bruka tid på å heva kompetansen til alle tilsette og set av tid til fordjupa oss i

valte tema. Dei same tema går difor over fleire år. Kompetanseheving innan feltet åtferd og psykososiale utfordringar, har vore på dagsorden i Kvam sidan august 2017. «Born er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg», har vore ein raud tråd i arbeidet med å forstå kva utfordrande åtferda hjå born er eit uttrykk for. Åtferda er ofte eit uttrykk for utryggheit, skam, tristheit, redsel eller skyld. Barnehagane nyttar analyseverktøy frå Læringsmiljø og Pedagogisk analyse (LP) til dette arbeidet, og jobbar tett saman med PPT. I samarbeid med alle tenestene i KFL er det laga minikurs til tilsette innan aktuelle tema. Nytt verktøy i dette arbeidet er BTI (betre tverrfagleg innsats). BTI er ein samarbeidsmodell som sikrar koordinert innsats overfor born, unge og familiar.

#### Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/vidareutdanning

Udir gjev støtte for studentar som deltek på vidareutdanning. Støtta dekker alle utgifter og 12 dagar vikar.

#### Vidareutdanning 2022/2023

Studieår	Studie	Antal
2022-2023	Fysisk-motorisk utvikling og aktivitet.	1 stk.
2022-2023	Spesialpedagogikk	1 stk.
2022-2023	Veiledarutdanning	1 stk.
2022-2023	Styrarutdanning	1 stk.

#### Regional ordning for kompetanseutvikling Rekom

Regjeringa sin kompetansestrategi 2018-2022 skal støtta opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Alle born skal få eit godt barnehagetilbod, uansett kvar dei bur og kva barnehage dei går i. Med revidert kompetansestrategi ynskjer regjeringa å tydeleggjera dei ulike aktørane sine roller og ansvar for kompetanseutvikling og legg til grunn eit godt samarbeid mellom sektorane for å nå måla i strategien. I praksis betyr dette at Kvam i samråd med Hardanger/Voss kompetanseregion, kan søkja Statsforvaltaren om kompetansemidlar for å heva kvaliteten i barnehagane. Det er sett opp ein turnus for dette arbeidet, slik at alle dei kommunale barnehagane jamleg skal delta i denne kompetansehevinga. Den private barnehagen får tilbod om å delta. Det vert gjennomført ekstern vurdering med vurderarar frå Hardanger/Voss regionen. I ekstern vurdering vert det gjennomført observasjonar og intervju av tilsette, foreldre og born. Det vert laga ein handlingsplan som skal jobbast med i den enkelte barnehage saman med ein representant frå Høgskulen på Vestlandet, ein vurderar og barnehageeigar.

#### Rekom 2022/2023

Barnehageeigar har lagt føringar for at barnehagane skal velja tema innanfor satsingsområdet «Trygt og godt barnehagemiljø». I Hardanger/Voss sin rulleringsplan er det planlagt for Rekom

i barnehagane Sjydnahaugen, Strandebarm, Sandven Fus og Bjørketeigen i perioden 2022-2028. Neste barnehageår skal Sjydnahaugen og Strandebarm barnehage delta.

Ålvik barnehage var ferdig hausten 2022. Vurderingstemaet deira var: *“I Ålvik barnehage arbeider me systematisk med språkutvikling for alle born”*.

Tørvikbygd barnehage er i gang med oppfølginga. Vurderingstemaet deira er: *“Tørvikbygd barnehage jobbar heilskapleg og systematisk for å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø”*.

### Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)

I Kvam herad arbeider me etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha systematikk for å oppdaga tidleg dersom det er grunn til uro for eit barn og for god oppfølging.

I barnehagen har det dette året særleg vore gjeve opplæring i det som i BTI-modellen heiter nivå 0, som handlar om tidleg oppdaging, det vil seia kunnskap om teikn og signal på at barn ikkje har det bra og samtale med barn og føresette ved uro. Opplæringa har vore gjeve gjennom case-øvingar og gjennom å bruka materiell frå RVTS (Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og selvfordsforebygging).

BTI har vore tema gjennom året på ulike møter for å sikra opplæring og implementering. Det kviler eit særleg ansvar på leiarane for å etterspørja at ein handlar i tråd med BTI-rutinane ved uro og oppfølging. Barnehageeigar føl opp barnehagane for å sikre bruk av BTI. Barnehagane nyttar BTI-koordinator for å sørge for vidare opplæring og forståing av modellen. Ved å handla etter BTI-modellen sikrar ein eit felles språk på tvers av tenestene, ein tydeleg systematikk i arbeidet, at ein handlar i samsvar med lover og andre overordna forventingar og i samsvar med det me veit er god praksis.

### Styrking av leiarrolla

I ein sektor i rask endring er styrar si rolle iht kvalitet i barnehagen viktigare enn nokon gong og leiing i framtidens barnehage har behov for ei anna leiing enn før. Styrar har fått auka oppgåver dei seinare åra, men ikkje meir ressursar til å handtera alle oppgåvene som er knytt til leiarfunksjonen sin. Arbeidsmengda aukar og det meste av tida går til oppfølging av personale, sjukemeldte og organisering av vikarar. Det medfører mindre tid til utviklingsarbeid og fokus på kvalitet.

I 2022-2023 har styrarane gjennomført 4 samlingar med ekstern rettleiar for å styrka leiarrolla. Styrarane har kartlagt eigen praksis, sett på nye arbeidsmåtar og endring av praksis. Me har laga framtidensbilde for kva me vil jobba vidare med. Som eit ledd i dette arbeidet skal pedagogisk leiarane involverast. Me skal kartlegga kva dei treng for å auka leiarkompetansen sin, vera trygge leiarar og styrka leiarteamet i barnehagane. Samfunnet sine krav til barnehage endrar seg og det er høge mål til sektoren. Krav har endra seg frå omsorgsarena til pedagogisk verksemd. Me må vera nytenkande og tilpassa jobben vår etter nye krav og arbeidsoppgåver. Dette er ein omstillingsprosess og tek tid.

## Felles planar

Det er utarbeida ein felles kompetanseplan for alle barnehagane. Barnehageeigar jobbar saman med styrargruppa for å samla kva som kan vera likt for å gje borna i Kvam eit likeverdig tilbod. Som tilsett er det behov for å ha like system og rutinar same kva barnehage du jobbar i. Barnehagane skal ta vare på det unike ved barnehagen, men det som er av rutinar, system og kompetanse som kan vera likt, bør vera likt. Me brukar møter, planleggingsdagar og personalmøte til å gje felles opplæring og gjennomgå nye system og rutinar. Eksempel på felles kompetanse, system og rutinar me for tida jobbar med er:

- Felles kompetanseplan 2021-2025
- Felles satsingsområde: Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og Sjå barnet innanfrå
- Felles årsplan
- HMS årshjul
- Kompetansepakkar trygt og godt barnehagemiljø – Udir
- Kvam herad sine kompetansepakkar
- Overgangar mellom barnehage og skule
- System for oppfølging av §42 og 43 saker. Felles plan for å sikra trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane med tilhøyrande skjema.
- Bruk av Acos websak; sakshandsaming- og arkivsystemet i Kvam herad
- Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar. Alle nyutdanna barnehagelærarar får oppfølging i 2 år av rettleiar, både individuelt og i grupper. Det er laga ein plan for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam. Det er tilsett 2 nye rettleiarar i fast stilling. Begge skal starta på rettleiar utdanning hausten 2023.
- Leikbasert læring er eit forskingsbasert førskuleopplegg som er utvikla for å gje born best mogleg utgangspunkt før skulestart. Barnehageeigar har jobba fram lik plan for alle kommunale barnehagar for å sikre at alle born i Kvam får ta del i dette opplegget ([www.lekbasert.no](http://www.lekbasert.no) )
- Vasstilvenning året før skulestart. Målet er at alle born i Kvam skal, i løpet av barnehagetida, skal verta trygge i vatn og få betre symjeferdigheiter. Kvam herad får tilskot frå statsforvaltaren og brukar bassenga i Ålvik, Strandebarm og Hardangerbadet
- Leiaropplæring i regi av Kvam herad
- Mykid – kommunikasjonsverktøy mellom barnehage og heim
- Trafikksikre barnehagar – Barnehagane i Kvam er trafikksikre barnehagar og rapporterer på at dei oppfyller krava for å vera ein trafikksikker barnehage. Arbeidet skal vera forankra i barnehagen sin årsplan og pedagogisk arbeid gjennom året
- Kompetanseheving til barnehagepersonale av samarbeidspartar i KLF - PPT, barneverntenesta, helsestasjon, ergo- fysioterapitenesta og familiesenteret
- Rutinar for støttesystem, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehage
- Spesialpedagogar i alle barnehagar. Det gjev kompetanseuke til alle i personale, auka kvalitet på det allmennpedagogiske tilbodet og spesialpedagogar der borna er
- Rekom – Alle barnehagane deltar i eit rulleringssystem
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) for born og unge i Kvam herad

- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid av 10 – faktor. Gjennomføring anna kvart år, neste i 2023
- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid ved bruk av Udir si foreldreundersøking. Gjennomføring anna kvart år, neste i 2024
- Deltaking i KLP prosjektet «Bli i jobben»
- Alle tilsette har fått opplæring frå PPT i «Sjå barnet innanfrå» med utgangspunkt i tryggleikssirkelen og Circle of security (COS). Det skal gje tilsette verktøy til å betre forstå kva behov born har, kva signal dei gjev og kva vaksne kan gjera for å møte desse behova. Målet er at borna skal få hjelp til å kjenna seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet.

#### Fagleg innhald på planleggingsdagar og personalmøte 2022-2023

Planleggingsdag	Udir kompetansepakke innan "Trygt og godt barnehagemiljø" Modul 2 – Følgje med, melde frå og undersøke	12.09.22
Felles personalmøte for alle tilsette	Arbeidsmiljø - Kva ladestasjon har me? - Kva kan me gjera noko med og kva kan me påverka? Gjennomgang av spørjeundersøking som tilsette har svart på	01.11.22  3 timar i regi av KLP prosjektgruppa
Trygg til handling	Opplæringsprogram om vald og overgrep for alle som jobbar med barn og unge	Planleggingsdag i november Minimum 1 time
Snakke med barn	Snakkemedbarn.no hjelper tilsette til å ta viktige samtalar med barn ein er bekymra for	Planleggingsdag i november Minimum 1 time
Planleggingsdag	Mobbeombodet gav opplæring i kap. 8	02.01.23
Planleggingsdag	Den tredelte hjernen og stressmeistring med Inger Randi Dahl	02.01.23
Felles personalmøte for alle tilsette	Arbeidsmiljø - HMS arbeid i barnehagen - Ergonomisk hjelpemiddel i barnehagen - Samarbeid med NAV arbeidslivssenter Deling frå barnehagane for å få ein betre arbeidskvardag	07.03.23  3 timar i regi av KLP prosjektgruppa
Planleggingsdag	Udir kompetansepakke innan "Trygt og godt barnehagemiljø" Modul 3 – Tiltak for å fremje,	17.03.23



førebygge og handtera
-----------------------

Systemarbeid og felles rutinar er ting som tek tid å læra og implementera i den enkelte barnehage. Det krev mykje av styrarane og dei tilsette. Fyrste del er å få informasjon, men etterpå kjem arbeidet med å ta systemet i bruk. Dette tek tid, og fleire av punkta er tidkrevjande å gjennomføra i ein hektisk arbeidskvardag.

#### PPT sitt utviklingsarbeid i barnehagane 2021-2023: «Sjå barnet innanfrå» (SBI).

Frå hausten 2022 har PPT gjennomført kurs med alle barnehagane, 6 økter (totalt 14 timar pr. barnehage) med utgangspunkt i kurset: «Tilknytning og mentalisering», med Tryggleikssirkelen som utgangspunkt. Føremålet er auka bevisstgjerung hjå dei tilsette på kva born treng for å fremja tryggleik, livsmeistring og helse.

Barnehage	Tidspunkt	Arrangør
Sjydnahaugen (pilotbarnehage)	November/desember 2021 Januar 2022	PPT
Bjørketeigen	Vår 2022	PPT
Strandebarm og Tørvikbygd	Haust 2022	PPT
Norheimsund og Ålvik	Vår 2023	PPT
Sandven FUS + nytilsette	Haust 2023	PPT

#### KLP prosjekt – «Bli i jobben»

Det er oppretta ei prosjektgruppa som er med i KLP sitt arbeidsmiljønettverk. Nettverket er ein toårig møteplass for prosjekt som jobbar med arbeidsmiljøutvikling. Kvam herad mottar kr. 200.000 i støtte til prosjektet. Deltakarane i prosjektgruppa er representantar frå eigar, HR og tilsette frå ulike barnehagar.

Prosjektgruppa har fokus på å styrka partssamarbeidet i barnehagane, «laget rundt laget». På sikt har me tru på at fokus på å styrka «laget rundt laget» og setje arbeidsmiljø på dagsorden skal redusera sjukefråværet og få tilsette til å bli i barnehageyrket. Prosjektgruppa har stort fokus på partsamarbeid, sjukefråværsoppfølging og arbeidsmiljø. NAV arbeidslivssenter har kartlagt sjukefråværet i den enkelte barnehage og har kome med forslag til kva som bør jobbast med vidare. Saman med NAV arbeidslivssenter skal me utarbeida lokal sjukfråværsrutine, lokal tilretteleggingsoversikt, vurdera utarbeiding av rutine for livsfaseorientert personalpolitikk, auka bruk av avvikregistrering og få individuell bistand frå NAV arbeidslivssenter.

Prosjektgruppa har gjennomført ei spørjeundersøking for å kartlegga kompetanse, sjukefråvær, trivsel og motivasjon for å bli i jobben.

Oppsummering frå spørjeundersøkinga:

- 107 svar


- 93 stk. ynskjer kompetanseheving
- 13 stk. ynskjer å bli fagarbeidar
- 23 stk. ynskjer høgskuleutdanning
- 9 stk. ynskjer stillingsauke
- Arbeidsmiljø 4,19
- Trivsel 4,15

Personale gjev signal om at bemanninga ikkje vert opplevd som tilstrekkeleg i kvardagen. På tross av at Kvam har auka grunnbemanning i barnehagane har me ikkje fått tilsett desse resursane i alle barnehagane grunna mangel på tilgang på folk. Arbeidsoppgåvene og krava til personale aukar. Pedagogane skal dokumentera meir enn før og er såleis meir vekke frå avdelinga saman med borna. Dei yngste barna begynner tidlegare i barnehage enn før og born har lengre dagar i barnehage. Dette påverkar belastningar i kvardagen og er ein mogleg utløysande faktor for at personale søkjer seg vekk frå barnehagesektoren.

## Faktorar som påverkar arbeidsdagen


Under har me lista opp ulike faktorar som påverkar arbeidsdagen.

Rangér frå 1 lågast, til 5 høgast kor viktig dei ulike faktorane er for din arbeidskvardag



# Korleis opplever du at desse faktisk vert oppfylt?

Rangér frå 1 lågast, til 5 høgast korleis du faktisk opplever at dette vert oppfylt.



Prosjektgruppa brukar funna frå spørjeundersøkinga og kombinerer dei med NAV arbeidslivssenter sine funn iht. sjukefråværet i barnehagane. Vidare skal det jobbast med:

- Ha fokus på ting me kan gjera noko med
- Riktige ladestasjonar
- Sikre partssamarbeidet
- Sikre at alle barnehagane har medråderettsmøte
- Partane skal ta del i planar og utviklingsarbeid
- Partane skal arbeida med arbeidsmiljø og sjukefråvær med hjelp frå NAV arbeidslivssenter
- Laga gode rutinar, system og verktøykasse
- Delta i "Helse I arbeid"

Oppvekstsektoren i Kvam har i mange år hatt rettleiar for nyutdanna lærarar i barnehage og skule (20% skule og 10% barnehage). Dette har vore ei viktig satsing som mange nyutdanna påpeikar er ein faktor for å ta imot jobb i Kvam herad. Fleire nærliggande kommunar har ikkje ei slik ordning så innarbeidd og velfungerande som Kvam. I barnehage- og skuleåret 2022-23 vart det laga ein rutine for rettleiing av nyutdanna som er eit dokument som skal gje rettleiarane og kommunen ein felles plan for kva rettleiinga skal innehalda. For neste barnehage- og skuleår skal begge rettleiarane delta på rettleiarutdanning i regi av Udir.

## Fleispråklege born

Kvam har ein stor del fleispråklege born frå mange ulike nasjonalitetar. Desse borna ynskjer i hovudsak plass i sentrumsnære barnehagar, og det kan verta vanskeleg å fordela borna på fleire barnehagar/avdelingar. Borna startar tidleg i barnehagen, noko som gjev god utteljing når dei byrjar på skulen. I dag vil dei fleste flyktingar ha borna inn når dei er 1 år, sidan dei sjølve vil gjennomføra pålagt språkopplæring. Sertifikat til foreldre finansiert via NAV har

gjeve fleire foreldre høve til å busetja seg utanom sentrum, og køyra til barnehagar utanom sentrum.

Borna skal få delta i språkgrupper innan ordinært barnehagetilbod, der leik og språkdujing er hovudfokus. Barnehagane har det pedagogiske språktiltaket «*Språkkista*», som skal nyttast. Barnehagane rapporterer til staten (Basil) årleg om antal fleirspråklege born i barnehagen. Me har laga ein felles plan for korleis barnehagane skal ta imot fleirspråklege born og kva tilbod borna skal få i barnehagen.

Nytilflytta flyktningborn får morsmålsassistent deltid dei fyrste månadane i barnehagen om me lukkast å finna kompetanse, for å gjera starten best mogeleg for både foreldra og bornet. Innsatsen vert gjeve i form av ein trappetrinnsmodell, med flest timar fyrste vekene, og så reduserer ein timetalet til ein rundar av etter 2-3 mnd., alt etter alder og behov hjå bornet.

Hausten 2022 vart det laga ein felles plan for arbeid med fleirspråklege barn i barnehagen. Spesialpedagogane har eit særskilt ansvar for oppfølging av desse barna. I 2023 er målet å bli kjent med planen, dela gode verktøy med kvarandre og få meir opplæring innan tema.

## Støtte til barnehage

### Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT rettleier barnehagane på individ- og systemnivå. Når eit born vert tilvist til PPT for vurdering av spesialpedagogisk hjelp, gjer PPT i samarbeid med barnehage og foreldre ei sakkunnig vurdering (kartlegging/utgreiing) av barnet si utvikling og behov. PPT kjem med ei sakkunnig tilråding om vidare oppfølging og hjelp for å få ei god utvikling. Det kan vera tiltak innan det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen eller tilråding om spesialpedagogisk hjelp (§ 19a) når behovet tilseier dette.

### Tidleg innsats

Det skal vera trygt og godt å veksa opp i Kvam. Av og til oppstår likevel utfordringar som gjer at ikkje alle har det så bra. I Kvam brukar me BTI modellen for å sikra at barn og unge får den hjelpa dei treng. Tidleg innsats handlar både om å oppdaga tidleg og å gje tidleg hjelp i barnet sitt liv når utviklinga ikkje går som forventa. Dette er både ei nasjonal satsing, og viktig del av Kvam herad sine overordna målsetjingar innan barnehagefeltet. Barnehagane arbeidar førebyggjande i alt sitt pedagogiske arbeid. Dei har interne rutinar for å fanga opp born som treng ekstra fokus og hjelp, og set i gang med aktuelle stimulerande tiltak i samråd med foreldre. Dette er i tråd med Rammeplanen (2017), som vektlegg tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for born som treng ekstra støtte. Støttesystemet for barnehagane i Kvam skal hjelpa barnehagane i dette arbeidet.

### Lågterskeltilbod

PPT gjennomfører lågterskelrundar etter ein oppsett plan, og møter kvar barnehage 2 gonger pr semester. PPT rettleiar ut frå barnehagen sitt behov, og hjelper med vurdering/tiltak i høve gruppa/enkeltporn, anonymt eller med samtykke. Spesialpedagogane i barnehagen er med på lågterskelrundar, og ein kan iverksetja tiltak tidleg når ein organiserer dei inn i barnehagen si daglege drift. Inkluderingssteamet i barnehagen lagar plan for spesialpedagogane sitt vidare arbeid etter lågterskelrundane. Dette vert no leia av styrar.

PPT gjennomfører observasjonar og samtalar med foreldre utan at dei er tilvist PPT og kan tilrå vidare tilvising til PPT ved behov.

PPT deltek i nettverk og tilbyr organisasjonsutvikling og kompetanseheving innan ulike område som gjeld born med særskilte behov. Logoped i PPT jobbar både inn mot vedtak og gjennom lågterskeltilbod utan vedtak.

### Spesialpedagogar i barnehagen

Vinter/vår 2021 vart det laga ein modell for ny organisering av støttesystem og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane i Kvam. Me fekk ein eigen plan for gjennomføring av tidleg innsats, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for born i barnehagane. Målet er å styrkja det ordinære barnehagetilbodet. Fleire born skal få støtte og hjelp tidlegare ved at eventuelle vanskar/utfordringar vert arbeidd med på eit tidleg tidspunkt slik at bornet vert betre rusta til å meistra utfordringar. Gjennom denne endringa får Kvam eit gjennomgåande støttesystem frå barnehage til ferdig grunnskule.

Frå august 2021 vart det, som eit 2 årig prosjekt, auka opp tal spesialpedagogar ute i barnehagane med 2,4 stillingar. I dag er det 4 årsverk med spesialpedagogar fordelt på alle barnehagane utifrå barnehagen sin størrelse og behov. Spesialpedagogane er organisert direkte under styrar i barnehagane og skal vera tett på der borna er. Spesialpedagogen jobbar med førebygging, kompetanseheving/rettleiing, inkluderingsarbeid og enkeltvedtaksarbeid.

### PPT sitt utviklingsarbeid i barnehagane 2021-2023: «Sjå barnet innanfrå» (SBI).

Frå hausten 2022 har PPT gjennomført kurs med alle barnehagane, 6 økter (totalt 14 timar pr. barnehage) med utgangspunkt i kurset: «Tilknyting og Mentalisering», med Tryggleikssirkelen som utgangspunkt. Føremålet er auka bevisstgjering hjå dei tilsette på kva born treng for å fremja tryggleik, livsmeistring og helse. Sandven Fus skal delta hausten 2023.

Dei tilsette i barnehagen skal få kunnskap om korleis dei kan tilrettelegga kvardagen for alle barnehageborn, med følgjande barnegrupper spesielt:

- Born med temperamentsmessige utfordringar
- Born med belastande omsorgserfaringar

Søkelyset vert retta mot situasjonar som mange opplever er utfordrande. Dette arbeidet er i samarbeid med Foreldrestøtteprosjektet i Oppvekst. Tilbakemeldingane frå både barnehagane og PPT er svært gode for denne kompetansehevinga.

## Individuelle rettar

Barnehagelova § 31 spesialpedagogisk hjelp:

I tråd med barnehagelova § 31, har barn under opplæringspliktig alder rett til spesialpedagogisk hjelp, dersom dei har særleg behov for det. Barnehagen skal sørge for at born som får denne hjelpa vert inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet. Spesialpedagogar i barnehagane gjev kompetanseuke til alle i personale, auka kvalitet på det allmennpedagogiske tilbodet og spesialpedagogar der barna er. Spesialpedagogane er knytt til faste barnehagar og kan jobba meir systemretta.

Barnehagelova § 37 barn med funksjonsnedsetjing og behov for tilrettelegging:

I tråd med barnehagelova § 37, skal kommunen sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, som er rikt, variert, stimulerande og utfordrande miljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn, på lik line med alle barn. Kommunen som barnehagemynde si plikt til tilrettelegging gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal få utbytte av barnehageplassen. Dette gjeld både private og kommunale barnehagar. Tilrettelegginga skal byggja ned funksjonshemmande barrierar som fell utanfor barnehagen si ordinære tilretteleggingsplikt. Døme på tilrettelegging kan vera at kommunen sørger for at barnehagen har det nødvendige utstyret, støtte til bygningsmessige endringar, støtte til ekstra bemanning eller andre tiltak.

## Foreldrekurs og foreldremøte

Familiesenteret gjennomfører eit foreldreføredrag/ kveldskurs jamleg til alle føresette i barnehagane i Kvam Herad; «Korleis kan eg møte barnets kjensler og behov?» Føredraget er basert på eit av kommunen sine foreldrekurs; «Ver med meg». Føredraget er utvikla på same teori og forståing som barnehagetilsette får. Dette skal vera med å styrka felles kunnskap, og tryggleik i samarbeid mellom foreldre og fagpersonar. Føredraget er på førebyggjande nivå, og skal og bidra til å senka terskelen hjå føresette til å delta på foreldrekurs eller å søka hjelp og støtta etter behov.

- Aktualisera tryggleiksirkelen (COS-P: Circle of security) som guide til barnets kjensler og behov
- Gje forståing av tilknytning og samspel, eigne kjensler, gje foreldra konkrete råd
- Trygga foreldra om å vera gode nok foreldre - ingen er ein perfekt forelder.
- Grenser og rammer i foreldrerolla
- Skapa forståing og undring over kjensler og åtferd
- Skapa forståing for toleransevindauget – kva skjer når det vert for mykje?
- Drøfta reparasjon i foreldrerolla, me veit ofte kva barnet treng, men får det ikkje alltid til
- Leggja til rette for at foreldra vert kjente

Det er laga felles foreldremøteplan for foreldre med barn i alderen 0-16 år. Planen rullerer, og det er tenestene i KFL som står for innhaldet på foreldremøta. Planen er omfattande og det er krevjande for tenestene å gjennomføra planen innanfor ordinære ressursar. Han skal evaluerast og det må vurderast kost- nytte effekt.

Tema på foreldremøta i 2023 var frå uro til handling. Målet er å gje foreldre kunnskap om kva dei kan sjå etter for å vita om barnet deira har det bra og få kunnskap om korleis ein kan få hjelp og oppfølging ved uro for barn.

## Lokale politisk vedtekne tiltak

### Løpande opptak

Barnehagane i Kvam har, i periode juni 2021 til juni 2023, hatt barnehageopptak 4 gongar i året som eit 2-årig prosjekt. Søknadsfrist til opptak gjennom året var 1. februar, 1.april, 15.august og 1.januar. I HST møte den 28.03.23 vart løpande opptak evaluert og heradsstyre endrar barnehageopptaket frå 31.07.23. Frå og med hausten 2023 får barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til dei barnehagen har ledig plass til. Det vert gjort unntak for ei avdeling i Tørvikbygd barnehage, som rådmannen får fullmakt til å vurderer særskilt ved behov. Barnehagevedtektene vert justert i tråd med dette. Eventuelle endringar i økonomiske rammer, vert innarbeidd i driftsrammene i samband med tertial og budsjett.

### Oppgradering av Bjørketeigen barnehage

Det er igangsett oppgradering av Bjørketeigen barnehage, jfm sak 032/21. Barnehagen er blitt utvida med 1 avdeling ved å flytta administrasjonsdelen til midlertidige lokale i Firkløverbygget. Trafokiosken er fjerna, garderobar er oppgradert, det er sett inn nye vindauge i heile bygget, ny veg er laga på nedsida av Firkløverbygget og det er laga eit overbygg som bind barnehage og personalavdeling saman. Den nye personalavdelinga er ferdig. Det igjenstår utbetring av den gamle personalavdelinga i Firkløverbygget, i tillegg til at det skal leggest nytt tak.

Det er behov for ei oppgradering av uteområde i barnehagen. Det er pr i dag ingen leiker på området mellom barnehagen og den nye personalavdelinga (Firkløverbygget). Det er behov for auka budsjett til leikeapparat for å finansiera dette.

Leiinga i barnehagen har ynskje om å gjera nokre endringar på aldersinndelinga i barnehagen ved å flytta dei store barna opp i andre etasje og dei yngste borna ned. Dette vil gjera evakuering, levering/ henting og tilkomst til leikeplass enklare for føresette, personale og borna. Det påverkar ikkje barnetalet det er plass til i barnehagen.

### Auka grunnbemanning

I budsjettvedtak for 2022 og 2023 vart barnehage tilført kr. 4.500.000 til styrking av grunnbemanning og til auka administrasjonsressurs. Kr. 900.000,- er brukt til å tilsetje 2 stk. i 120% stilling som administrasjonsmedarbeidarar. Desse skal rekruttera vikarar, innhenta

vikarar til barnehagane og driva opplæring av vikarar. Dei har begynt arbeidet med å innhenta informasjon frå andre som driv vikarformidling og oppbygging av system for korleis dette skal praktiserast i Kvam. Dei byrja for fullt i stillingane sine i løpet av mai.

Resterande midlar er fordelt ut frå størrelsen på barnehagane som auka grunnbemanning. Me har ikkje klart å tilsetje folk i sistenemnte stillingar så barnehagane har ikkje prøvd ut auka grunnbemanning i realiteten.

Norheimsund 160%

Ålvik 50%

Sjydnahaugen 130%

Bjørketeigen 160%

Tørvikbygd 25%

Strandebarm 90%

### Måltid

Alle barnehagane i Kvam har måltid som pedagogisk aktivitet. Utgangspunktet er Helsedirektoratet sine retningslinjer og oppskrifthefta "Bra mat i barnehagen". Borna deltek aktivt i prosessen, med fokus på læring og erfaringar. Dei får brukt alle sansar, smaka, lukta, kjenna, sjå, namngje matvarer og kva dei lagar, dette gjev meistringskjensle.

### Lærlingar i oppvekst

Barnehage og skule har fått auka tal lærlingar for å sikra rekruttering av fagarbeidarar i oppvekstsektoren.

For å styrka instruktørane våre har me i samarbeid med Handalag opplæringskontor vore i kontakt med AOF Fagskolen. Dei ynskjer å tilby undervisning i studiet «Veiledning av lærlingar» i Kvam. Studie er gratis, gjev 30 studiepoeng og er på kveldstid. Søknadsfristen er 02.06.23 og oppstart er 25.09.23.

## Særlege utfordringar i barnehagesektoren

### Fråvær og bemanning

Det siste året har det vore stort sjukefråvær i barnehagane i Kvam. Det har ikkje vore mogleg å få tak i nok vikarar eller å tilsetje folk i ledige stillingar. Det har medført stor bruk av overtid og stor slitasje på personale. Kvar barnehage rekrutterer eigne vikarar ut frå søknadar i webcruiter. Det har vore lagt ned mykje tid og resursar på å få tak i folk og lysa ut stillingar. Det er låg arbeidsløyse i Kvam og Norge generelt, så vikarutfordringar er ei nasjonal utfordring.

Utfordringar med vikartilgang viser att i årsoppgjeret for 2022 ved at barnehagetenesta hadde eit mindreforbruk på fastløn på ca. kr. 0,6 mnok. Inntekter på sjukeløn og refusjon var ca. 1,4 mnok i pluss. Engasjement viser ca. 1,1 mnok mindreforbruk og overtid meirforbruk på ca. 0,27 mnok.



Barnehagane har i perioden 24.04.23 - 10.07.23 redusert opningstida i barnehagane som ei følge av utfordringar med tilstrekkeleg bemanning over tid. Reduksjonen er eit førebyggjande tiltak for å ivareta dei tilsette. Det vart gjennomført ei kartlegging og innspelsrunde i foreldre- og personalgruppa. Personale ynskta 45-60 minuttar redusert opningstid. Føresette gav tilbakemeldingar om at dette ville medføra utfordringar. Fleire føresette i alle barnehagane hadde forståing for dei tilsette sin situasjon og såg behovet for redusert opningstid for å ivareta dei. Hovudtillitsvalt i UDF oppmoda om reduksjon som eit tiltak for å hindra alvorleg slitasje, meir sjukefråvær og tidvis stenging. Barnehagar som har mindre enn 9 timar opningstid gjev redusert foreldrebetaling i tråd med antal timar barnehagen er open.

### Vikarbudsjett

Dersom barnehagane får tilgang på vikarane dei til ei kvar tid har behov for (ved sjukdom, ferie, e.l.) så er ikkje vikarbudsjettet til barnehage stort nok til å finansiera lønn til vikarar innanfor eige budsjett.

### Statlege føringar

Det er ei utfordring at den lovfesta bemanningsnorma med 3 vaksne pr. 6 einingar ikkje tek høgd for at opningstida i barnehagen er lengre enn arbeidstida til personalet. Lovpålagt planleggingstid, pausar og møte medfører at bemanningsnorma er mindre enn 3 vaksne pr. 6 einingar delar av dagen. Grunnbemanninga dekkjer til saman 2-3 av 9 timar pr. dag. Ei anna utfordring er at bemanning vert rekna ut frå kor mange einingar det er totalt i ein barnehage og ikkje pr. avdeling, det betyr at det er utfordrande å få bemanninga til å gå opp i den enkelte barnehage. Dei tilsette står i ein skvis mellom å bruka nok tid saman med borna og tid på planlegging, møter og kompetanseheving. Når alle tilsette er til stades på avdelinga er det anledning til gruppedeling, observasjonar, oppfølging av enkelt born, pedagogisk aktivitet, m.m. Dette er vanskelegare og gjennomføra når tilsette forlèt avdelinga.

### Utteljning for utdanning

Regjeringa har som mål at andelen barnehagelærarar og styrarar med mastergradsutdanning skal auka fram mot 2030. Kompetanse på mastergradsnivå vil styrka barnehagane sitt arbeid med leing og kvalitetsutvikling. I dag får ikkje tilsette i barnehage med mastergradsutdanning utteljing økonomisk på lik linje med f.eks PPT eller lærarar i skule. I barnehage får du maks kr. 24.000,- for kompetansetillegg. Det medfører at tilsette ikkje ynskjer å ta meir utdanning sidan dei ikkje får auka lønn.

### Rekruttering av kvalifisert personale

Regjeringa arbeider som nemnt for ei satsing for at minst 50% av dei tilsette som arbeider direkte med barn skal vera barnehagelærar innan 2025 og 60% innan 2030. Kvam herad slit i dag med å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar til å oppfylla pedagognorma, og me har mange barnehagelærarar på dispensasjonar. Framover må det jobbast med å rekruttera fleire barnehagelærarar, dette er inga lett sak og det må gjerast ei kommunal satsing for å få fleire barnehagelærarar til kommunen og i tillegg må det ei nasjonal satsing til for at fleire skal ta

barnehagelærerutdanning. Barnehagelærerutdanninga hadde ein nedgang på 25% i 2022 og ytterlegare nedgang på 17% i 2023. Pr i dag manglar det 2600 barnehagelærarar for å oppfylle dagens pedagognorm og om lag kvar tredje barnehage manglar barnehagelærar. Høgskulen på vestlandet (HVL) skal tilby desentralisert barnehagelærerutdanning frå 2024 til Kvam og nærliggande kommunar.

For barnehageåret 2023-24 gjev Kvam tilbod om reisetillegg på kr. 30.000,- til barnehagelærarar som vil jobba i Ålvik og Strandebarm. For å få tillegget må ein ha reiseveg over ei viss lengd, eksempelvis Øystese-Ålvik, og det gjeld for eitt år. Bakgrunnen for tillegget er at fleire barnehagelærarar ynskjer ikkje lang reiseveg og takkar nei til stillingar som medfører ekstra utgifter når dei kan få jobbar meir sentralt.

Som eit ledd i utfordringar med å få tak i nok kvalifiserte fagarbeidarar og tilbakemeldingar om at mange ynskjer å ta fagbrev, har Kvam i samarbeid med Handalag opplæringskontor gjeve tilbod om eksamensretta kurs for praksiskandidatar i BUA-faget. Det er 5 stk. som har begynt på dette kurset.

### Emosjonelle belastningar i kvardagen

Forholdet til andre, både barn og vaksne, er ein viktig og gjevande del av arbeidet i ein barnehage. Samstundes kan det å stadig forhalda seg til andre sine følelsar bli ei påkjenning. Over tid kan det å handtera emosjonelle krav i løpet av arbeidsdagen føra til auka risiko for emosjonell utmatting og sjukefråvær. Dette er noko me må setje ord på og sikra auka kunnskap om for å hindra for store belastningar. I barnehagane er det størst andel kvinner som jobbar og overgangsalderen rammar alle kvinner i større eller mindre grad. Overgangsalder i samband med emosjonelle belastningar, støy og oppleving av stress er ikkje optimal. KLP prosjektgruppa skal i 2023 få hjelp av IA-rådgjevande jordmor til å auka kunnskapen om overgangsalder til barnehagepersonale.

### Digitalt utstyr

Barnehagane har fått auka budsjett til innkjøp av digitalt utstyr. Det er blitt gjort innkjøp av nye telefonar til styrar og avdelingar. Fleire telefonabonemnet medfører auka kostnadar som ikkje er lagt inn i budsjettet og barnehagane får eit meirforbruk på telefonabonnement og teljarsteg.

IKT lisensar og program er ein stor kostnad i barnehage. Kostnadane har auka og det er ikkje nok pengar på budsjettet til barnehage. Det er stadig behov for nye program og løysingar for å effektivisera kvardagen og følgje med i tida.

For å få den nye vikarordninga vår til å fungera har barnehage behov for ei løysing for bemanningsplanlegging og personalstyring som både administrasjonsmedarbeidarar, styrar i barnehage, vikarar og tilsette kan administrera. Ei kartlegging av løysingar som finns viser at GAT, som helse og brann allereie brukar, fungerer godt til dette. Dette vil gje ein årleg auke i utgifter for barnehage. Det er ein kostnad pr årsverk som er lagt inn i GAT.

### Leikeapparat på uteområda i barnehagane

Det er behov for ei oppgradering av leikeapparat på uteområda i alle barnehagane, sjølv om omfanget varierer. Det er per i dag fleire gamle leikeapparat og nokre må fjernast grunna skade, rote, osv. Det ligg førebels ikkje rammer til eit større løft i fyrste omgang, og deretter mindre oppgraderingar utover i komande økonomiplanperiode. Opp gjennom tida, har det vorte utført mykje velkome dugnadsarbeid av m.a. føresette i barnehagane. Det er likevel Kvam herad som eigar som har ansvar for uteområdet til barnehagane og må difor syta for at alle leikeapparat blir forsvarleg montert, brukt og vedlikehalde, og at det er rammer til dette. Dette vert difor tema i komande budsjett/økonomiplan.

### Brøyting og strøing i barnehagane

Å ha ferdig brøyt og strødd veg heilt fram til døra i barnehagane i tide til born/foreldre og tilsette om morgonen, er ei utfordring. Det er fleire tilsette som blir møtt av irritable foreldre som skal levera om morgonen og må vassa i snø med barn og utstyr i hendene. Både foreldre og personale i Bjørketeigen opplever utfordringar med å komma seg opp bakken frå hovudvegen på dagar med mykje snø og glatt veg. Dette medfører at folk kvir seg til å køyre til arbeid og til levering/henting av barn. Tilsette har også gitt uttrykk for at dei er redde for å gli, og skada seg.

Ulike løysingar er teke i bruk, som avtale med eigne entreprenørar om brøyting før opningstid, innkjøp av snøfres og at personalet måkar. Utfordringa er at områda er store, og tilgang på personal før/i opningstida. Løysingane må difor arbeidast vidare med.

### Løpande opptak

Ved tilsetjingar gjennom året var det i 2022-23 særskilt krevjande å få tak i kvalifisert personale til stillingane. Det førte til mange barnehagelærarar og pedagogisk leiarar på dispensasjonar og assistentar utan fagbrev. Personale utan utdanning gjev ikkje forventa kvalitet etter krav i barnehagelova og rammeplan for barnehage, i tillegg må styrar og utdanna personale bruka mykje tid på oppfølging.

Fleire opptak i året har medført ekstra arbeid for styrar og barnehageeigar. Det har vore tidkrevjande prosessar å lysa ut stillingar, gjennomføra intervju, søkje om dispensasjonar, finna barnehagar med nok areal og omrokera på avdelingar for å plassera nye born. Det har vore fleire tilfelle der born har bytt avdelingar midt i året og småborn har byrja på storbarnsavdeling som ikkje er tilpassa deira aldersgruppa. Det har og ført til kostnadar utover inventarbudsjetten.

Frå august 2022 vart grunnbemanninga i barnehagane mellombels styrka då det vart tilsett personell for å dekkja opp auken i tal barn i barnehagane som kom i løpet av hausten/vinteren og for å ha noko ledig kapasitet i barnehagane til løpande opptak i barneåret 2022/23. Denne mellombelse auken i grunnbemanninga vart delvis finansiert innanfor budsjetttramma til barnehage og delvis via prosjekt P20210 løpande opptak i barnehage. Målet var å betra situasjonen og for å unngå mange tilsetjingar i løpet av året.

Etter evaluering av løpande opptak endra heradsstyre barnehageopptaket frå 31.07.23, HST-035/23. Frå og med opptak hausten 2023 vert barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til dei barnehagen har ledig plass til. Det vert gjort unntak for ei avdeling i Tørvikbygd barnehage, som rådmannen får fullmakt til å vurdera særskilt ved behov. Eventuelle endringar i økonomiske rammer, vert innarbeidd i driftsrammene i samband med tertial og budsjett. Tilsettingar for barnehageåret 2023-24 er i gang og me ser at det er utfordrande å få tak i nok barnehagelærarar og fagarbeidarar. Det har vore to utlysingar ute og det manglar framleis personale til fleire stillingar.

### Kompetansepakkar

Kvam herad har laga kompetansepakkar som tilsette skal gjennomføra i arbeidstida. Det har vore sett av tid til gjennomføring, men det har ikkje vore gjennomførbart grunna allereie planlagde tema. Det er utfordrande å finne tid til gjennomføring i kvardagen utan at det går utover tid saman med borna. Fellesmøter utover ordinære personalmøter på kveldstid vert brukt til oppfølgingsmøter av Rekom, «Sjå barnet innanfrå» kurs og BTI opplæring. Tilsette i barnehage har lite fellestid. Største delen av kompetanseheving som ikkje blir gjort på planleggingsdagar blir gjort på kveldstid og må betalast ut i overtid og avspasering. Arbeid med kommunale kompetansepakkar må vidareførast til neste år.

### Kostratal 2022

- I Kvam herad går alle born mellom 3-5 år i barnehage.
- Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år var i 2022 kr. 217.194 noko som viser at me ligg over både nasjonalt (kr. 192.022), kostragruppe 5 (kr. 195.092) og Vestland fylke som er på kr. 194.063. Auka grunnbemanning og at barn byrjar i løpet av året, medan bemanninga frå august kan vera årsak til at me ligg høgt.

### Kommunebarometer

Dei viktigaste tala knytt til barnehage i Kommunebarometeret er grunnbemanning i barnehage, tal barnehagar som følg pedagognorma, og tal tilsette som har pedagogisk utdanning. Desse tala utgjer 45% vekting i Kommunebarometeret.

Bemanning: Dersom me ser på fjorårets gjennomsnitt for heile landet, var bemanninga i kommunale barnehagar 5,6 barn pr vaksen. For Kvam var talet 5,8 born per vaksen i dei kommunale barnehagane i same periode. Dei kommunale barnehagane får tildelt ressursar i tråd med lovkrav, 6,0 born per vaksen.

Kvam har ifølg statistikkane lågare bemanning i dei kommunale barnehagane enn dei fleste andre. Som regel er bemanninga lågare jo større kommunen er, noko som kan henga saman med at det då er fleire større barnehagar.

Pedagogisk personale: I 2018 innførte regjeringa nye utdanningskrav til personalet i barnehagar. Andelen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan

dispensasjonar, var i fjor på 70,7 prosent. I Kvam oppfyller 66,7 prosent av dei kommunale barnehagane pedagognorma (utan dispensasjon), ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet. 44,4 prosent av dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Kvam har pedagogisk utdanning.

Menn i barnehagen: Andelen menn som jobbar i barnehagane i Kvam er på 6,2 prosent. Kommunar med flest menn i barnehagen har 33,3 prosent menn.

Tal barn: Nasjonalt viser tala at 91,32 prosent av alle born i barnehagealder har plass i barnehagen. I Kvam har 91,79 prosent av borna barnehageplass.

Minoritetspråklege born: Andel born med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har auka mykje dei siste åra. Nasjonalt har andelen auka frå 79,3 i 2016 til 86,9 prosent i fjor. I Kvam går 84,6 prosent av borna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølgje tala.

Storleik: Ein gjennomsnittsbarnehage i Norge har 47,21 born.

## Nøkkeltall

	2017	2018	2019	2020	2021
<b>BH01</b> Antall barn per årsverk, kommunale barnehager	6.3	5.9 ↓	5.6 ↓	5.9 ↑	5.8 ↓
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	5.53	5.33	5.27	5.25	5.25
<b>BH02</b> Antall barn per årsverk, private barnehager	6.4	6.1 ↓	6 ↓	6	5.9 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	5.88	5.73	5.56	5.54	5.55
<b>BH03</b> Andel kommunale barnehager som oppfyller pedagognormen	60	20 ↓	40 ↑	66.7 ↑	66.7
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	67.71	52.3	62.08	71.02	73.09
<b>BH04</b> Andel private barnehager som oppfyller pedagognormen	100	100	100	100	100
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	61.36	49.85	61.64	68.47	69.83
<b>BH05</b> Andel ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning	37.1	43.6 ↑	40.6 ↓	42.7 ↑	44.4 ↑
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	37.44	40.37	41.45	43.93	43.67
<b>BH06</b> Andel ansatte i private barnehager med pedagogisk utdanning	43.2	46.3 ↑	46.8 ↑	46.5 ↓	50.3 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	35.31	42.15	42.71	43.17	43.64
<b>BH07</b> Andel ansatte som er menn, alle barnehager	5.3	7.7 ↑	7.3 ↓	5.7 ↓	6.2 ↑
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 0.8%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	8.62	9.36	8.27	9.13	9.42
<b>BH08</b> Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år	89	82.1 ↓	90.4 ↑	79.7 ↓	84.6 ↑
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 1%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	86.06	87.11	85.36	85.91	85.43
<b>BH09</b> Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste fire år	84.67	84.03 ↓	85.9 ↑	85.3 ↓	84.2 ↓
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 0.8%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	81.24	80.85	82.59	82.95	83.21
<b>BH10</b> Antall barn per barnehage	70.67	72 ↑	71.83 ↓	61.43 ↓	62.29 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	40.08	39.41	38.83	40.33	40.29
<b>BH11</b> Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager	6.5	6.2 ↓	6.5 ↑	8 ↑	8
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	7.12	7.5	7.77	7.82	8.05
<b>BH12</b> Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager	4.9	5.1 ↑	4.6 ↓	5 ↑	4.6 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.3%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	5.99	6.02	6.2	6.27	6.23
<b>BH13</b> Andel 1-5-åringar med barnehageplass	94.43	90.38 ↓	88.32 ↓	90.15 ↑	91.79 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.3%      Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	89.63	89.76	89.42	89.3	90.22

MERK: Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi er ikke et statistisk landsgjennomsnitt

## Oversikt over barnehagane i Kvam herad

### Ålvik barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta, vart kommunal	1985	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	3,6
Sist renovert/nybygd	2012	Barnehagelærarar på disp (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	2 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	30 born	Tal menn / kvinner	10 kvinner

**Visjon:** Me skapar gode barndomsminne og livsglede.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde for barnehagen:** Språk og sosial kompetanse, leikbasert læring. Me er ein trafiksikker barnehage og trafikktryggleik er difor ein naturleg del av barnehagekvardagen.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Rammeplanen er eit styringsdokument som ligg til grunn for godt planlagde aktivitetar i løpet av barnehagedagen. Me brukar LP som verktøy for å bli ein betre barnehage. Personalet er tett på og hjelper, støttar og utforskar ilag med borna.

**Kompetansen me har:** Personale har god kompetanse og kunnskap. Dette barnehageåret har Ålvik barnehage hatt 30% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Styrar har styrarutdanning. I år har me hatt ekstern vurdering, og me har fått Rekom midlar. Heile personalet deltok våren 2023 på kurset: «Sjå barnet innanfrå».

**Rekom:** Vurderingstema til barnehagen: *I Ålvik barnehage arbeidar me systematisk med språkutvikling for alle barn.* Me har gjennomført vurdering og det er laga ein rapport me tar utgangspunkt i for vidare jobbing. Det vart sett saman ei arbeidsgruppa i barnehagen som var pådrivar for arbeidet. Me har jobba systematisk med at alle skal ha fokus på språkutviklinga i måltida i barnehagen. Det vart laga felles retningslinjer som alle føl. Informasjon vart formidla ut til alle vikarar og foreldra. Målet er at me skal utvida til å jobba vidare på same måte med andre rutinesituasjonar.

**Kompetanse me treng:** Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ynskjer å bli betre på gode leikemiljø som inspirerer til god leik og fortsetta å jobba vidare i høve til Rekom tema.

**Uteområde/nærmiljø:** Uteleikeklassen er oversiktleg, men lite utfordrande, særleg for dei eldste borna. Fleire av leikeapparata er slitt og gamle. Den trengs sårt ei forbetring. Barnehagen har eit skogsområde like i nærleiken, som vert brukt ein del. Der har foreldra laga eit flott overbygg, og det er ein plass borna likar godt å vera.

**Stolt over:** Ålvik barnehage har eit personale som er løysingsorienterte, kreative, fleksible og som ser kvart einskild barn. Me fekk gode tilbakemeldingar frå ekstern vurdering på dette. Personale er engasjerte i jobben sin og gode rollemodellar for borna. Barnehagen samarbeider godt med foreldregruppa.

## Bjørketeigen barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	1989	Pedagogar inkl. Styrar (årsverk)	10,5
Sist renovert/nybygd	2011	Barnehagelærer på disposisjon (årsverk)	2,6
Tal avdelingar / base	8 avd.	Tal born pr. vaksen	2,9 og 5,75
Tal born	92	Tal menn / kvinner	4/29

**Visjon:** Me skapar gode barndomsminne og livsglede!

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

**Satsingsområde for barnehagen:** Språk, sosial kompetanse, natur og uteliv.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Kvardagen til borna er prega av planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfara ulike fagområde. Dei vaksne prøver å vera tett på slik at dei kan hjelpa, støtta og utforska i lag med borna. Me har årsplan som gjeld heile barnehagen og kvar avdeling har sitt eige årshjul som er i tråd med årsplanen.

**Kompetansen me har:** Dette barnehageåret har Bjørketeigen barnehage hatt 90% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Ein tilsett har tilleggsutdanning innan spesialpedagogikk, nokon har tilleggsutdanning i rettleiing. Styrar har styrarutdanning. Dette barnehageåret har personalet fått opplæring i BTI, samt kompetanseheving på Trygt og godt barnehagemiljø gjennom Udir sine kompetansepakkar. Vidare har me jobba med å implementera "Å sjå barnet innanfrå" og ha dette som grunnmur for vårt arbeid. Dette barnehageåret har 2 fagarbeidarar og 1 barnehagelærer slutta, samt 2 har gått av med pensjon. Det har vore utfordrande å finna nye folk til desse jobbane.

**Kompetansen me treng:** Det er ynskjeleg at alle fast tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kunnskap om urolege barn er eit behov, og endå meir fokus på tidleg innsats. Kompetente tilsette i barnehagen er viktig, difor treng me alltid å ha fokus på vaksenrolla i barnehagen.

Det er eit stort behov for vikarar gjennom året. Fast tilsette vikarar aukar kvaliteten i barnehagen, då får me lært dei opp og dei kjenner godt til kva som vert forventa i barnehagearbeidet. Inneverande barnehageår har vore svært utfordrande med tanke på å få tak i vikarar. I tillegg har 4 opptak i året medført at barnetalet har auka frå 80 til 96 barn gjennom året, noko som har auka behovet for fleire kompetente tilsette. Å få tak i nok personale med ynskjeleg kompetanse er utfordrande i løpet av året.

**Uteområde/nærmiljø :** Barnehagen på Bjørketeigen ligg flott til med mykje natur rett utanfor gjerde. Det er kome opp tre lavvoar som er mykje i bruk. Desse treng vedlikehald noko me per i dag ikkje har oversikt over kven som skal utføra. Barnehagen vektlegg bruk av natur og uteliv, og med slike områder rundt, gjer det kvardagen vår lettare. I november/desember 2020 vart det bygd takoverbygg på øvre leikeplassen, noko som har gjort kvardagen enklare. Ei utfordring er at det er stor avstand frå leikeplass til toalett/ stellerom for dei yngste borna. Barnehagen har ikkje nok tilsette i heile opningstida til at ein vaksen kan gå på do/ byta bleie med eit barn. Barnehagen har føreslått å byta slik at dei yngste borna er i fyrste etasje medan dei største borna er i andre etasje. Dei større borna har lettare for å gå mellom leikeplass og barnehagebygget. Barnehagen brukar Storeteigen, og har vore med på aktivitetar der arrangert av AK Teigland. Elles går me på turar rundt i

nærområdet, der lengda på turane vert litt styrt etter alderen på borna. Bjørketeigen har ein fantastisk skog å boltra seg i, og mange turmoglegheiter.

Dette barnehageåret har SU med ein forelder i spissen teke initiativ til å byggja eit nytt grindverksbygg i skogen ovanfor barnehagen. Det vart søkt om støtte td hos Sparebankstiftelsen, noko som vart innvilga. Området med dette bygget er klart til bruk sjølv om omn og litt andre ting gjenstår .

Me ynskjer at heile Bjørketeigen barnehage skal vera ein barnehage som har eit tydeleg fokus på natur og uteliv.

**Stolt over:** Barnehagen har vore, sidan vinter 21, under oppussing, påbygging og oppgradering. Dette arbeidet er no i sluttfasen. Det er mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb og som er svært tilpassingsdyktige. Dei er engasjerte i jobben sin, og stadfestar ofte at dei har den beste jobben i verda.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å fremja barnehagen som pedagogisk dannings- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad. Halda fram med samarbeid mellom dei to barnehagane i Øystese. Me jobbar for ein oppgradert barnehage som er ryddig og tiltalende for både barn, føresette, tilsette og besøkjande. Ein barnehage som har ein tydeleg raud tråd i sitt pedagogiske arbeid og system som fungerer. Og som har nok nærverande vaksne gjennom heile opningstida og heile året slik at me kan jobba i tråd med Rammeplan og lovverk.



## Sjydnahaugen barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.01.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	1989	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	8
Sist renovert/nybygd	2016	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0,60
Tal avdelingar / base	4	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	70	Tal menn / kvinner	1/24

**Visjon:** Me skapar gode barndomsminne og livsglede

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

**Satsingsområde:** Språk og nærmiljø og samfunn.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Kvardagen til borna er prega av godt planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfara ulike fagområde. Dei vaksne er tett på og kan hjelpa, støtte og utforska i lag med borna.

**Kompetansen me har:** Dette barnehageåret har Sjydnahaugen barnehage hatt 60% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Me har mest barnehagelærarar og fagarbeidarar, og nokre assistentar. Ein del av desse har og tilleggstudanning innan spesialpedagogikk, utvikling av språk og sosial kompetanse og rettleiing. Styrar har styrarutdanning og tre års vidareutdanning i spesialpedagogiske fag og leiing.

**Kompetansen me treng:** Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kompetanse om minoritetsspråklege barn er eit behov og endå meir fokus på tidleg innsats. Det er eit stort behov for vikarar, og få fast tilsette med fagarbeidarutdanning hadde vore ei kvalitetsheving i kvardagen.

**Uteområde/nærmiljø:** I Sjydnahaugen har me to leikeområde, ein naturleikeplass med gapahuk og bålplass, og ein ordinær leikeplass med leikeapparat. Me har kort avstand til det meste: strand, fjøra, skog, Kabuso, Storeteigen, Hardangerbadet, skule og andre kommunale institusjonar, aldersheim, butikkar, idrettshall og arbeidsplassar.

**Stolt over:** Me har ny barnehage og svært mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb. I Sjydnahaugen er me engasjerte i jobben, og stadfestar ofte at me har den beste jobben i verda.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å fremja barnehagen som pedagogisk dannelses- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad. Tettare samarbeid med Bjørketeigen barnehage og andre institusjonar og arbeidsplassar i nærmiljøet vårt.

## Norheimsund barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	1977	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	10,8
Sist renovert/nybygd	2017	Barnehagelærar på disp (årsverk)	2,4
Tal avdelingar / base	6/3	Tal born pr. vaksen	3/6
Tal born	91	Tal menn / kvinner	3/27

**Visjon:** Me skapar gode barndomsminne og livsglede

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

**Satsingsområde for barnehagen:** Satsingsområda våre er språk og sosial kompetanse. Me ynskjer at alle barn skal få eit rikt og variert språkmiljø i Norheimsund barnehage, gjennom høgtlesing, bruk av konkretar og dramatisering når me fortel eventyr og forteljingar. Me legg vekt på den daglege samtalen. Me bruker mykje song og musikk. Me observerer jamleg, og gjennomfører språkgrupper der det er behov. Gjennom sosialt samspel lærer barna å ta og oppretthalda kontakt med andre, fylgja enkle reglar og visa omsorg. Me brukar lang tid på tilvenning og tryggleik. Me tenkjer at det er noko av det viktigaste for at borna skal fungera sosialt og utvikla dei sosiale ferdigheitene sine. I tillegg satsar me på natur og det maritime. Me går daglege turar i nærmiljøet. Frå mai til oktober får me nytta robåtane til Fartøyvernsenteret. Då ror me til Sandvenholmen, Nyatre eller andre fine stader.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Rammeplanen er eit styringsdokument som ligg til grunn for godt planlagde kvardagar for barnehagebarna. Dei får delta i leik, erfaring og meistring i rett progresjon til deira alderstrinn. Det er særskild sjø, skog og nærområdet generelt me nyttar året rundt.

**Kompetansen me har:** Dette barnehageåret har Norheimsund barnehage hatt 170% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Me ynskjer å få fram at me har god kompetanse på natur og friluftsliv. Me har vaksne som likar å vera ute og ser verdien av at borna får gode opplevingar i naturen. Det kan vera på tur i sentrum, langs strendene, i båt eller til skogs.

**Kompetansen me treng:** Me har vaksne som likar song og musikk. Gleda og samhaldet musikk skapar er av stor verdi. Me ser at me hadde hatt stor glede av å få inn ein songpedagog. Ein person som kunne vore drivkrafta til å skapa eit endå betre miljø for song og musikk i Norheimsund barnehage.

**REKOM:** Utviklingsområdet i Norheimsund barnehage var pedagogisk dokumentasjon og mangfald. Dette kom fram etter ekstern vurdering. Det vart sett saman ei arbeidsgruppe og arbeidsgruppa hadde jamlege møter og utarbeida ein arbeidsplan. Det vart gjennomført kveldskurs på 4 timar om pedagogisk dokumentasjon, Mona Christin Nicolaysen var kurshaldar. Me fortset arbeidet med utviklingstema etter at Rekom vart avslutta med Høgskulen på Vestlandet.

**Uteområde/nærmiljø:** Me har eit stort uteområde innanfor gjerde som inneheld dissestativ, båtar, klatrestativ, sandkassar, sklibanar, grue, to gapahukar og ei grillhytte. Store grøntområde og ein del asfalt.

Utanfor gjerdet finn me sentrum, parkar, strender og båtliv. Me nyttar Orrehaugen, grusbanen/trialbanen, fotballbanen, området rundt kyrkja, dei ulike kommunale leikeplassane, Movatnet, Steinsdalsfossen, Sandvenlia,

gapahuken og lavvoen. På grunna av fleire små barn og endringar i aldersinndeling er det behov for eit nytt vognskur til oppbevaring av vogner og soving.

**Stolt over:** Me er stolte over eit nytt barnehagebygg som ligg fint til. Me har gode tilsette og mange nøgde born og foreldre. Me er stolt over at den eksterne vurderinga konkluderer med at me er gode på å sjå kvart barn, at me skapar trygge og gode kvardagar for borna, og at me tek oss tid til å lytta, samtala og anerkjenna kvart barn.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å jobba vidare med å vidareutvikla satsingsområda våre. I det arbeidet ligg det og å utarbeida ein god progresjonsplan. Me ser at me treng å verta betre på å få ein «Me» kultur i barnehagen. Med det meiner me at me treng bruka tid på at alle dei tilsette får ei felles haldning til og oppfatning av kva me står for, og kva legg me vekt på, eit felles barnesyn og rutinar.

## Tørvikbygd barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	1985 i Ståvikjå	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	2,6
Sist renovert/nybygg	Nybygg aug.16	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0,4
Tal avdelingar / base	3 avd, 2 i drift	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	16 barn	Tal menn / kvinner	0/11

**Visjon:** Gode barndomsminne og livsglede. Verdifull bagasje på livsreise.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde:** Leikbasert læring, språk, sosial kompetanse, vennskap og inkludering.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Me brukar LP som verktøy til å verta ein betre barnehage, både relasjonelt, men og kvalitetsmessig inn i rutinesituasjonar. Barnehagen jobbar kontinuerleg med refleksjon for å utvida kompetansen sin.

**Kompetanse me har:** Dette barnehageåret har Tørvikbygd barnehage hatt 10-20% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Barnehagen har gode, stabile og erfarne tilsette der alle har utdanning som pedagogar eller er fagarbeidarar. Barnehagen har tilsette som har god kunnskap om kosthald og sunn mat. Me har kjøkkenhage i utvikling, med grønsaker, bærbuskar og frukttre, denne vert utvida år for år. Matauke er ein viktig del av vårt arbeid gjennom året der borna deltek aktivt i alle prosessar og nyttar alt me dyrkar til matlaging. Barnehagen har kompetanse på avspenning og yoga. Me har vaksne som er glad i å syngja noko borna har stor glede av. Å syngja er noko me alltid har lyst å gjera meir av. Alle i personalet har vore med på kurs gjennom PPT "Sjå barnet innanfrå" i haust.

**REKOM:** Vurderingstema til barnehagen: "Tørvikbygd barnehage jobbar heilskapleg og systematisk for å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø". Barnehagen har gjennomført ekstern vurdering og samarbeider med Høgskulen. Rapporten er presentert for SU representantar, eigar og personale.

**Kompetanse me treng:** Me treng å utvida kompetansen vår og gje oss sjølv handlingssrom til å utvikla språkmiljø og det fysiske miljø som den tredje pedagogen – korleis utnytta den mogelegheita meir? Dette med å vera tett på i situasjonar i lag med born og å delta i leiken som støttande stillas. Dette er noko me treng å verta betre på.

**Uteområde/nærmiljø.** Borna i barnehagen vår har gode motoriske ferdigheiter. Me har eitt flott variert uteområde med naturhaugar med gode utfordringar med skog, natur, asfalt og bakkar med lett tilgjengeleg turområde. Kort veg til bl.a. fiskevatn, sjø og fjøra, fjell og stølar og sklibakkar.

**Stolt over:** Me er stolt av at barnehagen er ny og fin og har ein fantastisk uteleikeplass. Me har eit godt foreldresamarbeid der foreldre er engasjerte i og stolte over barnehagen sin. Personalet er fleksible og tilpassingsdyktige, og det er føresette også. Me ser på utfordringar som ein moglegheit meir enn eit problem. Våre pedagogiske leiarar er fagleg gode og er lette å få til å halda faglege innlegg. Me har vassleikerom, hengjekøyer til kvil og avslapping, 2 telt lavvoar, flott skog og naturleikeplassar i umiddelbar nærleik og smarttavle som vert brukt både saman med borna og til personalet.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Barnetalet i Tørvikbygd har gått ned dei siste åra. Å organisera barnegruppa på ein god måte er utfordrande og me skiftar stadig på kva avdeling det er mest hensiktsmessig å bruka. Dette krev høg grad av fleksibilitet hos tilsette, men også av føresette – noko me er veldig glad for at det er. Ulempen er at me ikkje får bygd opp avdelingane til å verta inspirerende og estetiske, då me skiftar ofte på kva

aldersgruppa som skal vera i dei ulike romma. Tilsette får heller ikkje «eigarforhold» til «si avdeling» - og på eine avdeling er det mykje “gjennomgangstrafikk” som gjer at ein ikkje får den roen ein skulle ynskt.

Barnehagen er ny og har mange mogelegheiter til utvikla seg på og verta ein supergod barnehage med høg kvalitet, men me treng fleire born! Me merkar oss at små born som startar hjå oss har ein god og roleg tilvenning, der tempo, aktivitet og kvile er tilpassa dei små. Fleire born gjev også fleire vaksne, då vert fagmiljøet større og me får fleire perspektiv på kva som er den beste kvaliteten, som igjen gjev oss best mogelegheit for å utvikla oss som ein lærande organisasjon.

## Strandebarm barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	16.10.1979	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	7
Sist renovert/nybygd	2017	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	4 avdelingar	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	52 (53)	Tal menn / kvinner	2 menn/16 kvinner

**Visjon:** Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde for barnehagen:** Trygt og godt barnehagemiljø er satsingsområde, alle barn har rett til å ha det trygt og godt i barnehagen. Dette er det overordna temaet for alt me gjer i barnehagen.

For dei eldste borna er satsingsområde "*Leikbasert læring*", med fokus på trygge, varme relasjonar i arbeid med områda: sosialkompetanse, sjølvregulering, språk og matematikk.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Dette barnehageåret har Strandebarm barnehage hatt 30-40% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Me jobbar med fokus på relasjonen mellom vaksne og barn. Det er alltid dei vaksne sitt ansvar at relasjonen er god - at dei vert sett, høyrte, anerkjent og få den omsorga dei treng. Barnehagen vil vera med å bidra til at dei kan utvikla tillit til seg sjølv og omverda. Me vil ha vaksne som er tett på borna.

**Uteområde:** Blåhaugen er ein del av uteområdet vårt, der det er naturleikeplass for born i alle aldrar. Barnehagen ligg på Tangerås, med nærleik til både skog og sjø, naust, skule, bibliotek, idrettspark og basseng. Borna som går i barnehage bur i område: Mundheim - Ljones.

**Kompetanse me har/treng:** Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Me har i nokon år jobba med å laga miljø som inspirerer til leik, dette ynskjer me å bli endå betre på.

**Stolt over:** Me har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeid i personalet med løysingsfokus, der me hjelper kvarandre og gjer kvarandre gode.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å jobba vidare med å vidareutvikla satsingsområda våre. Me vil jobba med gode leikemiljø som inspirera til leik. "*Her vil eg vera, her vil eg leika*". Leik er livskvalitet, meistring, glede og det viktigaste i borna sitt liv. Me vil jobba med å vera gode vaksne som anerkjenner borna sine kjensler og sikrar eit trygt og godt barnehagemiljø.

## Sandven FUS barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.22		Personalressursar 01.12.22	
Barnehagen starta opprinneleg	August 2009	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	10
Sist renovert/nybygd	November 2010	Barnehagelærar på disp (årsverk)	0,7
Tal avdelingar / base	2 basar/ 5 avdelingar	Tal born pr. vaksen	5,97
Tal born	88 (89)	Tal menn / kvinner	1 mann 22 kvinner

**Visjon:** «Saman gjev me barndomen verdi: Vennskap, leik og glede, - og kvardagsmagi»

**Våre verdiar:** Glødande – skapande – tilstadeverande

**Hovudmål:** FUS-barn har eit positivt sjølvbilette, er trygge, utforskande, trivst i leik og har vennekompetanse, gler seg til resten av livet og veit at dei har høve til å påverka og at innspela deira tel og har det kjekt i barnehagen.

**Satsingsområde for barnehagen:** Barnehagen sin profil er kunst, kultur og kreativitet. Overordna mål for profilen vår er at barnehagen skal bidra til at barna får opplevingar som vekker ulike kjensler, samt gjev høve til å uttrykka seg estetisk ut i frå eigne føresetnader. Barnehagen sitt satsingsområde for 2021-2023 heiter «Oss og her me bur». Me ynskjer å stimulera til kunnskap og undring rundt eige og andre sine liv ved å ta utgangspunkt i det som finst rundt oss i kvardagen.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Me har 4 grunnpilarar i vårt pedagogiske arbeid; god kommunikasjon, bygga vennskap, eventyrlyst og leikekompetanse. I vårt pedagogiske arbeid skal me jobba for at barna skal få oppleva glede, bygga vennskap, vera profesjonelle og gode rollemodellar, ha kompetanse om leik, finna kvardagsmagi og sjå det beste i kvart enkelt barn.

**Fagleg satsing:** Barnet Først er namnet på den faglege satsinga til FUS-barnehagane, der me tek i bruk forskingsbasert metodikk for å anerkjenna, forstå og handla til det beste for barnet. Gjennom å fokusera på vaksenrolla, og heva relasjonskompetansen til dei tilsette, vert kvaliteten i barnehagen styrka. Me nyttar observasjonsverktøyet Classroom Assessment Scoring System (CLASS) og emosjonsrettleiingsprogrammet Tuning in to Kids (TIK).

**Kompetansen me har:** I satsinga Barnet Først finn me 3 domene. Domenet «Sosioemosjonell støtte og veiledning» som handlar om positivt og negativt klima, sensitive vaksne – trygge barn, barns perspektiv og medverknad og emosjonskompetanse og emosjonsrettleiing (TIK) jobba vi med barnehageåret 20/21. Domenet «Læringsstøtte» som handlar om begrepsutvikling, forståing og dybdelæring, tilbakemeldingar, språkstøtte og eigenleiing i leik og læring, jobba me med barnehageåret 21/22. Domenet «organisering og leiing» som handlar om gruppeleiing og rettleiing, tilrettelegging for leik, læring og overgangar og variasjon jobbar me med det inneverande barnehageåret (22/23). Me jobbar i tillegg med å fordjupa oss meir i TIK dette året.

**Kompetanse me treng:** Barnehageåret 23/24 skal me delta i kommunen si satsing rundt «Sjå barnet innanfrå», då dette passar godt saman med Barnet Først -satsinga. I arbeidet med Barnet Først og dei ulike domena i CLASS ynskjer me å ta utgangspunkt i rapporten me får kvar haust etter ekstern observasjon, her kjem det fram kva dimensjonar innanfor kvart domene som me treng å jobba meir med, dette kan variera frå avdeling til avdeling. Me vil elles repetera og fordjupa oss i det me har vore gjennom dei tidlegare åra.

**Uteområde/nærmiljø:** Barnehagen sitt uteområde er 13 år og har etter kvart behov for noko utbetring. Me har fleire faste turplassar og 3-5 åringane har minimum 1 fast turdag kvar veke. Barnehagen har verkstad på barnehagens uteområde og grillhytta oppe i skråninga. Me har eigen minibuss for å utforska faste og nye turplassar. I Tolomarka har barnehagen opparbeida eit eige område som me kallar for «Flyplassen».

**Stolt over:** Ei stabil og dyktig personalgruppe som er opptekne av utvikling. Å arbeida med fagleg forskingsbasert satsing for alle FUS-barnehagane og å vera ein populær barnehage med ei fornøgd foreldregruppa.



## Oppsummering

Rådmannen vonar at tilstandsrapporten gjev eit inntrykk av korleis barnehagane i Kvam herad vert drivne, både lokalt i den einskilde barnehage, men og på overordna plan, som barnehageeigar og barnehagemynde. Rapporten avspeglar både kva barnehagane jobbar med, analysar, utfordringar og ynskjer for vidare utvikling av tenesta. Heradsstyret er barnehageeigar, og for å gjera gode overordna val, er det viktig med god informasjon for å ha god styringsdialog.

I dei ulike barnehagane skjer det mykje godt arbeid, og me har engasjerte tilsette som skapar ein god kvardag for borna. Me jobbar vidare med å skapa ein felles pedagogisk grunnmur og systemtenking. Dette krev tid og tolmod.

Barnehagesektoren ynskjer å ha fokus på fyljande område framover:

- Implementera Oppvekstplanen i arbeidet vårt og arbeida med dei tre beskyttande faktorane; trygge vaksne, mangfald vert sett på som ein ressurs og høg kvalitet på opplæringa.
- Arbeida vidare med å utvikla og implementera felles system for alle kommunale barnehagar (satsingar, kompetanse, malar, skjema og liknande).
- Oppfølging etter tilsyn og foreldreundersøking.
- Implementering av «Sjå barnet innanfrå» og laga ein plan for vedlikehald og vidareføring av kunnskapen.
- Implementering av BTI og stafettlogg.
- Sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Kompetanseheving for dei tilsette og praktisering av rutinane i «Plan for å sikre trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane» med tilhøyrande skjema.
- Sikra barnehagane våre deltaking i Rekom.
- Vidareføra interne kurstilbod frå KFL til barnehagetilsette.
- Implementera ny rutine for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam.
- Implementera ny plan for arbeid av fleirspråklege barn i barnehagen.
- Implementera felles årsplan for alle barnehagane.
- Følgja kompetanseplanen og andre felles planar som er utarbeida.
- Arbeida aktivt for å redusera sjukefråværet og behalda personale i barnehagen gjennom KLP prosjektet.
- Arbeid med rekruttering av fleire tilsette til barnehagane. Gje tilbod om desentralisert barnehagelærerutdanning og skrivekurs før fagprøve i BUA faget.
- Laga ein digitaliseringsplan for borna i barnehagen.

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt, i tillegg til arbeid med andre ting som er skrive om i rapporten. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementerast i alle nivå.

Alle barn skal oppleva livsglede og få gode barndomsminne frå barnehagekvardagen, samstundes som dei skal oppleva eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø. Dei skal oppleva meistring og at dei tilsette ser dei. Barn og føresette skal oppleva at barnehagen er like god same kvar den er i kommunen.